

Førde, 26.03.2021

Vestland fylkeskommune
Innovasjon og næringsutvikling
Postboks 7900
5020 Bergen

Høyring: Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland

Vi viser til brev av 25.01.2021 frå Vestland fylkeskommune (ref 2020/74003-15). IT-forum Vest har delteke på høyringsmøte om planen, og vi vil med dette også kome med eit samla høyringsinnspel.

IT-forum Vest har følgjande føremål:

«Foreininga sitt føremål er å arbeide gjennom eit breitt samarbeid for sikre at lokale og regionale miljø er i fremste rekke i å nytte informasjonsteknologi i næringsliv, offentlig sektor, opplæring, utdanning og forskning. IT-forum initierer, samordnar og sikrar felles utviklingsaktivitetar til nytte for heile regionen.» IT-forum Vest har partnerskapsavtale med Vestland fylkeskommune for 2021 og 2022.

Vestland fylkeskommune skissert ein struktur for tilbakemeldingane. Vi føl denne strukturen so langt det er aktuelle tema/spørsmål for oss.

Spørsmål:

I kva grad gir planen ei tydeleg strategisk retning for arbeidet med innovasjon og næringsutvikling i fylket fram mot 2033?

Er dei tre satsingane og tilhøyrande strategiar veileigna for å nå måla?

På kva måte kan planen vere eit godt verktøy til å mobilisere ulike aktørar til å delta i arbeidet med innovasjon og næringsutvikling i fylket?

Vi meiner framlegget viser ein god og oversiktleg plan. Den gir ei god strategisk retning på det langsiktige arbeidet og med eit oversiktleg tal hovedsatsingar.

Vi er glade for at planen legg stor vekt på gode og breie samarbeid i det nye Vestland fylke. For IT-forum Vest har effektive og breie samarbeid for utvalde innsatsområder vore hovedstrategien for å oppnå gode resultat for regional utvikling heilt sidan 1996. Vi er glade for at Vestland fylkeskommune skal arbeida vidare etter

ein partnerskapsmodell bygd på kunnskapsutvikling og kunnskapsdeling. IT-forum Vest er glad for å kunne vere i eit slikt partnerskap med Vestland fylkeskommune.

Spørsmål:

Er planen veileigna til å møte utfordringar knytt til korona-pandemien på kort og lengre sikt?

Frå IT-forum Vest ser vi, og får mange tilbakemeldingar om, at tilgang til breiband og god mobildekning har vorte endå meir kritisk som grunnleggande infrastruktur under korona-pandemien. Mykje bruk av heimekontor, endå meir skulearbeide frå heimen og levering av tenester både frå offentleg sektor og privat sektor over nett har vist med all tydelegheit kor viktig telekom-infrastruktur er i eit moderne samfunn. Vi er glade for at planen i prinsippet seier det samme, men dette må følgast raskt opp i handlingsdelen. Vi kjem tilbake til dette der.

Spørsmål:

Korleis kan planen bli eit godt verktøy for å samordne offentleg innsats og verkemiddelbruk?

Både i høve utfordringar som har komme tydeleg fram under pandemien og behov for samordning av offentleg innsats, so saknar vi ein referanse til e-helse / velferdsteknologi / digital heimeoppfølging mm. Dette er i utgangspunktet ei offentleg teneste, men pandemien har tydeleg vist kor kritisk teknologi, kunnskapsbasert utvikling og helse heng saman, og kor stor og kritisk denne sektoren er. Det betyr vidare at den og har eit stort innovasjons- og næringsutviklingspotensiale. Her kan vi også vise til «Helsenæringsmeldinga» som peikar på stort potensiale for utvikling av ei helsenæring i Norge gjennom samordning og stimulering frå offentleg sektor (Meld. St. 18 (2018–2019) «Helsenæringen — Sammen om verdiskaping og bedre tjenester»). Ei rekkje innovative verksemder i Vestland arbeider på området og klynger er under utvikling. Området burde ha eit stort næringspotensiale i Vestland.

Spørsmål:

Andre vesentlege innspel til planen?

Under del «3.3. Innovative og inkluderande samfunn» er det nemnd ei rekkje gode strategiar. Men vi saknar referanse til eitt viktig konkret område med betydeleg potensialet for Vestland.

I høve innovative og inkluderande lokalsamfunn burde ei stor utfordring vore nemnd: Meir mangfold i rekruttering til teknologifag. Teknologi er heilt avgjerande i dei omstillingar som blir omtalt i planen. Men eit vesentleg problem er dårleg rekruttering av jenter/kvinner og til dels også innvandrarak til teknologiutdanningar og teknologistillingar. Det er stort potensiale i å sikre betre rekruttering frå heile befolkningen. Det vil både styrke og utvikle dei svært viktige utdanningsmiljøa i Vestland og auke tilgangen til rett teknologisk arbeidskraft til det viktige omstillingsarbeidet planen skisserer i dei neste 12 åra.

Handlingsprogram 2021 og 2022-2025

Spørsmål:

Kva andre tiltak/aktivitetar bør inn i handlingsprogrammet for 2021 for å få på plass eit godt fleirårleg handlingsprogram for 2022-2025?

Kva forslag til strategiar og tiltak i handlingsprogrammet for 2022-2025?

I høve lik tilgang til breiband og anna telekom-infrastruktur i heile Vestland meiner IT-forum Vest det ville vera svært nyttig å utvikle ein breibandplan/strategi for Vestland i løpet av 2021. I tidlegare Sogn og Fjordane fylke var det utvikla og vedteke ein breibandstrategi gjennom tre periodar. Denne viste seg svært nyttig, og gjorde at Sogn og Fjordane utvikla seg frå å vera på sisteplass i landet i høve breibanddekning til å passere ei rekkje andre fylke og bli det fylket som hadde raskast vekst i dekning. Ein slik plan bør omfatte restområda i alle kommunar som ikkje har full dekning inklusiv tidsplanar og kostnadsestimat. Då vil Vestland fylke kunne få ei samla oversikt for å formidle behov for nasjonal finansiering, regionale spleiselag og for å få til ein smidig veksling i høve den varsla nedlegginga av koparnettet. Ein slik plan vil typisk og kunne nyansere ulike teknologiar og gje grunnlag for ein tydeleg ambisjon i Vestland. Mobilnett og dekning er ein del av dette, og beredskap for gode og trygge lokalsamfunn det samme. Breibanddekning og telekom-infrastruktur er eit av dei billigaste samferdsleprosjekta, men med svært stor effekt for innovasjon og næringsutvikling og gode bu- og arbeidsområde i heile Vestland.

I tillegg vil vi i høve «innovative og inkluderande lokalsamfunn» føreslå at det blir sett i gang eit arbeid som ser på stimulering av meir mangfold i rekruttering til teknologifag. Teknologi er heilt avgjerande føresetnad for omstillingar som blir omtalt i planen, og det krev i sin tur tilgang til kompetent arbeidskraft. Dersom Vestland kunne bli best på rekruttering av jenter/kvinner og innvandrarak til teknologiutdanningar og teknologistillingar, ville det gje ein stor strategisk føremon. Utdanningsmiljøa i Vestland ville bli styrka og fundamentet for omstillingsarbeidet sikra. Dette er eit langsiktig arbeid som også passar godt for ein slik strategisk plan, men det treng å startast alt i 2021.

Det siste innspelet til handlingsplanen er å setje i gang ei vurdering av mulegheitene for innovasjon og næringsutvikling ut frå offentleg sektor. Dette er ein stor sektor også i Vestland, den representerer stor innkjøpskraft og det finst allereie ei rekkje verkemiddel som kan støtte verksemdar i høve innovasjon og næringsutvikling. Det er store satsingar i resten av landet, og Vestland bør også følge opp dette området i skjeringpunktet mellom offentleg sektor og næring. E-helse, som vist ovanfor, er særleg potent med store nasjonale satsingar td. gjennom forskingsrådet si store utlysing Pilot Helse i 2021. Området har også betydeleg internasjonalt potensiale.

It-forum Vest vil gjerne vere med vidare i aktuelle arbeidsgrupper og aktivitetar, og ser fram til å vera med å realisere denne viktige planen for Vestland.

Vennleg helsing

Christiane Ulriksen (sign)
Styreleiar IT-forum Vest

Ivar Petter Grøtte (sign)
Sekretariatet IT-forum Vest